

*Tor Petter Bø og Inger Håland*  
**Funksjonshemma på arbeidsmarknaden**

---

<i>Rapportar</i>	I denne serien blir det publisert analysar og kommenterte statistiske resultat frå ulike undersøkingar. Undersøkingar inkluderer både utvalsundersøkingar, teljinger og registerbaserte undersøkingar.
------------------	--

© Statistisk sentralbyrå, mai 2010 Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.	Standardteikn i tabellar	Symbol
ISBN 978-82-537-7849-5 Trykt versjon	Tal er umogleg	.
ISBN 978-82-537-7850-1 Elektronisk versjon	Oppgåve manglar	..
ISSN 0806-2056	Oppgåve manglar førebels	...
Emne: 06.01, 03.01.10	Tal kan ikkje offentleggjera	:
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Null	-
	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
	Førebels tal	*
	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
	Desimalskiljeteikn	,

## Føreord

Dette er ein rapport frå ei tilleggsundersøking til Arbeidskraftundersøkinga (AKU) 4. kvartal 2009 om situasjonen til dei funksjonshemma på arbeidsmarknaden.

Tilsvarande undersøkingar er blitt gjennomført årleg sidan 2002. Formålet er å kartlegge situasjonen for dei funksjonshemma på arbeidsmarknaden og korleis deira situasjon skiljer seg frå andres. Samtidig blir det bygd opp ein lengre tidsserie som viser utviklinga på arbeidsmarknaden for denne gruppa.

Bakgrunnen for undersøkingane er at styresmaktene har behov for meir kunnskap om situasjonen for personar med ulike funksjonshemmingar i relasjon til arbeidsmarknaden. Intensjonsavtalen mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) har inkludering av personar med redusert funksjonsevne som eitt av hovudmåla.

Publikasjonen er utarbeidd av seniorrådgjevar Tor Petter Bø, rådgjevar Inger Håland og konsulent Bjørg Rydh, Seksjon for arbeidsmarknadsstatistikk.

Rapporten er tilgjengeleg i pdf-format på Statistisk sentralbyrås internetsider under adressa: <http://www.ssb.no/publikasjoner/>

**Prosjektstøtte:** Arbeidet er utført som oppdrag for Arbeidsdepartementet



## Samandrag

16 prosent av befolkninga i alderen 15-66 år oppgav i 4. kvartal 2009 å ha ei funksjonshemmning, her definert som fysiske eller psykiske helseproblem av meir varig karakter. Av desse var 43,1 prosent i arbeid, mens det i befolkninga totalt var 74,6 prosent i arbeid. Samanlikna med 2. kvartal 2008 inneber dette ein nedgang i sysselsetjinga på 2,2 prosentpoeng for dei funksjonshemma, mens nedgangen var på 2,7 prosentpoeng for befolkninga totalt.

Blant dei funksjonshemma hadde 46 prosent av dei sysselsette ein deltidsjobb, mens dette gjaldt for berre 26 prosent av dei sysselsette totalt.

Mens 65 prosent av dei funksjonshemma totalt mottok stønader, gjaldt dette berre 40 prosent av dei funksjonshemma som var i arbeid. Av desse igjen mottok halvparten uførepensjon.

Mange av dei funksjonshemma som ikkje var i arbeid i 4. kvartal 2009, ønskte seg eit arbeid; 23 prosent eller om lag 70 000. Av desse var det 10 000 som fylte krava for å bli definerte som arbeidsledige. Samanlikna med undersøkinga i 2. kvartal 2008 har talet på dei som ønskjer arbeid gått ned, men er på nivå med resultata frå 2007 og tidlegare år.

Funksjonshemmning avgrensar ofte kva slags arbeid ein kan ha. Ifølgje statistikken gjaldt dette i 67 prosent av tilfella i 2009. Dessutan oppgav 56 prosent at funksjonshemmingsa avgrensar kor mykje dei kan arbeide. 54 prosent av dei tilsette hadde fått arbeidssituasjonen tilpassa funksjonshemmingsa; ein auke på 11 prosentpoeng sidan 2002, men på same nivå som i 2008.

## Abstract

This report presents the results from an ad hoc module of questions to the Labour Force Survey (LFS) in the fourth quarter of 2009 on disabled people. 16 per cent of the population aged 15-66 reported to have a disability, defined as long-term health problems. 43.1 per cent of them had a job, a decline of 2.2 percentage points compared to the survey in the second quarter of 2008. In the whole population aged 15-66 years 74.6 per cent were employed, a decline of 2.7 percentage points. Almost half of the employed persons with disabilities had part-time work, compared to one quarter of the employed persons total.

Among disabled people without a job 23 per cent wished for a job in the fourth quarter 2009. Just 10 000 out of these 70 000 persons were classified as unemployed, according to the criteria on active job seeking and availability for a job. Compared to the second quarter of 2008 this means a decline, but still in accordance with previous years.

Disabilities will often restrict what kind of work that can be done. In 2009 this was the case for 67 per cent of the disabled persons in employment, and furthermore: the amount of work that can be done was restricted for 56 per cent of these people. 54 per cent had jobs which were adapted to their specific health problems or handicaps; an increase of 11 percentage points compared to 2002, but at the same level as in 2008.

## Innhold

<b>Føreord.....</b>	<b>3</b>
<b>Samandrag.....</b>	<b>5</b>
<b>Abstract.....</b>	<b>6</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>8</b>
1.1. Formål .....	8
1.2. Tidlegare tilleggsundersøkingar .....	8
<b>2. Omgrep og presiseringar .....</b>	<b>9</b>
2.1. Definisjon av funksjonshemmning .....	9
2.2. Andre variablar .....	10
<b>3. Utval og estimering.....</b>	<b>11</b>
<b>4. Feilkjelder og usikkerheit .....</b>	<b>13</b>
4.1. Usikkerheit .....	13
4.2. Skeivt utval?.....	13
<b>5. Hovudresultat .....</b>	<b>14</b>
<b>6. Kopling til register over bedrifter med IA-avtale .....</b>	<b>19</b>
6.1. Datagrunnlaget.....	19
6.2. Metodiske kommentarar til talgrunnlaget.....	19
6.3. Resultat for bedrifter med og utan IA-avtale.....	19
<b>7. Spørsmål og intervjuarinstruks .....</b>	<b>22</b>
<b>Vedlegg A: Tidsserietabellar 2002-2009 .....</b>	<b>26</b>
<b>Vedlegg B: Tabellar per 4. kvartal 2009 .....</b>	<b>32</b>
<b>Vedlegg C: Tabellar inklusive IA-status .....</b>	<b>40</b>
<b>Figurregister .....</b>	<b>59</b>
<b>Tabellregister.....</b>	<b>60</b>

## 1. Innleiing

### 1.1. Formål

Formålet med desse undersøkingane er å kartlegge situasjonen for dei funksjonshemma på arbeidsmarknaden og korleis deira situasjon skiljer seg frå andres. Samtidig blir det bygd opp ein lengre tidsserie som viser utviklinga på arbeidsmarknaden for denne gruppa. Ved at slike undersøkingar blir gjennomførte i form av tilleggsspørsmål til Arbeidskraftundersøkinga (AKU), får ein belyst situasjonen for dei funksjonshemma i forhold til ei lang rekke kjennemerke, og dessutan gjort samanlikningar med resten av befolkninga.

Dei ekstra spørsmåla til dei funksjonshemma tek bl.a. sikte på å kartleggje om funksjonshemmingsa avgrensar kva slags type arbeidsoppgåver ein kan utføre, kor mykje ein kan arbeide, om arbeidsplassen er blitt spesielt tilrettelagt, om det er behov for meir tilrettelegging, og kva som er dei største hindringane for å få eller behalde eit arbeid.

### 1.2. Tidlegare tilleggsundersøkingar

I 1. kvartal 1995 blei det på oppdrag frå det dåverande Kommunal- og arbeidsdepartementet gjennomført ei tilleggsundersøking til AKU om dei yrkeshemma. I 4. kvartal 2000 blei det på oppdrag frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet gjennomført ei liknande undersøking, men utvida til å gjelde heile gruppa av funksjonshemma. På grunn av endringar i begrepsbruk og spørsmålsformuleringar kan ikkje resultata frå dei to undersøkingane samanliknast direkte. I 2. kvartal 2002 blei det på ny gjennomført ei slik undersøking, denne gongen tilpassa EU-landa sine undersøkingar om same tema, dels ved at nokre nye spørsmål kom til, og dels ved at nokre av dei tidlegare spørsmåla blei reviderte. Deretter er det blitt gjennomført slike undersøkingar i 2. kvartal kvart år til og med 2008 (i 2004 og 2005 ein forkorta versjon, og derfor ein fullstendig versjon i 4. kvartal 2004). I 2009 blei tilleggsundersøkinga lagt til 4. kvartal i staden for 2. kvartal. Dette kan ha ei viss betydning for kor samanliknbare desse tala er med tal frå tidlegare undersøkingar, men eventuelle sesongsvingningar for denne gruppa er truleg svært beskjedne. Tilknytinga til arbeidsmarknaden kan likevel variere over året. Sidan tala er baserte på intervju med eit utval av befolkninga, vil endringstala uansett vere statistisk usikre, og eventuelle svingningar mellom ulike kvartal i same år vil truleg ligge innanfor feilmarginen. Sesongjusterte tal for sysselsetjingsutviklinga totalt er berre i liten grad forskjellige frå ujusterte endringstal mellom 2. og 4. kvartal.

## 2. Omgrep og presiseringar

Funksjonshemming blir her definert som fysiske eller psykiske helseproblemer av meir varig karakter som kan medføre hindringar i det daglege liv. Elles vil det av spørsmåla (gjengitt i kapittel 7) framgå kva definisjonar som er lagt til grunn. I nokre tilfelle må dei sjåast i forhold til den instruksen som intervjuarane bruker ved spørsmål frå intervjuobjekta (IO). Som ved andre intervjuundersøkingar vil svara avhenge av korleis IO sjølv oppfattar spørsmåla, jamvel om det i utgangspunktet blir presentert ein definisjon eller ei forklaring av kva ein er ute etter. Tilleggsinformasjon i form av intervjuarinstruksar blir berre kjent for IO når vedkomande uttrykkjer tvil eller spør eksplisitt om kva som meinast. På dette punkt er ein også avhengig av i kva grad intervjuarane faktisk har tileigna seg den "riktige" forståinga, og korleis den blir presentert for IO.

### 2.1. Definisjon av funksjonshemming

Denne undersøkinga baserer seg på ei avgrensing av funksjonshemming som har vore brukt i eit EU-tillegg til AKU om funksjonshemma på arbeidsmarknaden. Det gir det i utgangspunktet mogleg å samanlikne data for Norge med data frå EU-landa (førebels berre for år 2002). Definisjonen av funksjonshemming framgår av det innleiande spørsmålet i tilleggsundersøkinga:

"Med funksjonshemming menes fysiske eller psykiske helseproblemer av mer varig karakter som kan medføre begrensninger i det daglige liv. Det kan for eksempel være sterkt nedsatt syn eller hørsel, lese- og skrivevansker, bevegelseshemninger, hjerte- eller lungeproblemer, psykisk utviklingshemning, psykiske lidelser eller annet. Har du etter din mening en funksjonshemming?"

Eit avgjerande aspekt ved denne definisjonen av funksjonshemming er altså hindringar av *helsemessig* karakter. Opplevinga av å ha ei funksjonshemming oppstår i eit samspele mellom den helsemessige tilstanden, krav som følgjer av dei daglege oppgåvene når det gjeld funksjonsdugleik, og dei hjelpermidla som er tilgjengelege. Personar med same (objektive) helseproblem kan i ulik grad oppleve dette som ei funksjonshemming, bl.a. avhengig av dei rammene han eller ho er omgitt av i det daglege liv, f.eks. heim, nærmiljø, sosialt nettverk og den lokale arbeidsmarknaden.

Sidan spørsmålet om funksjonshemming blir stilt på slutten av ei undersøking om arbeidsmarknaden, kan det vere at mange, særleg dei som er sysselsette, relaterer spørsmålet spesielt til arbeidslivet. For ein som er sysselsett, vil spørsmålet om ein er funksjonshemma gjerne bli relatert til den konkrete jobben personen har. Dersom jobben er av ein slik art at den ikkje utgjer noko problem, eller er godt tilrettelagt, vil personar med "lettare funksjonshemminger" kunne svare at dei ikkje har noka funksjonshemming. For personar med same helsemessige tilstand, men som ikkje har jobb, vil ei vurdering av i kva grad helsa er til hinder for arbeid, knyttast til sjansen for å få seg ein jobb meir generelt. Då kan det lettere føre til at ein oppgir å ha ei funksjonshemming.

Spørsmålet om ein har ei funksjonshemming er nokså generelt utforma, men det blir gitt ein del konkrete eksempler på kva vi siktar til: "Det kan for eksempel være sterkt nedsatt syn eller hørsel, lese- og skrivevansker, bevegelseshemninger, hjerte- eller lungeproblemer, psykisk utviklingshemning, psykiske lidelser eller annet". Ein alternativ framgangsmåte kunne vere å stille eksplisitte spørsmål om kvart enkelt av ei rekke konkrete helseproblem utan å bruke omgrep som funksjonshemming eller helseproblem. Men det ville bli ein meir kostbar måte å samle informasjon på, og oppgåvebyrda ville auke. Dette ville i sin tur kunne føre til lågare svarprosent særleg blant dei som ikkje har noko helseproblem, og dermed gjere nettoutvalet mindre representativt. Vidare kunne vi få med personar der omfanget av helseproblem var så lite at personen sjølv ikkje oppfatta dette som ei funksjonshemming. Denne feilkjelda kunne ein riktig nok unngå ved også å stille

spørsmål om typen og graden av funksjonshemminga som helseproblemet medførte, men då ville spørjeskjemaet bli av eit større omfang enn det er rom for i AKU-tillegga.

I definisjonen av funksjonshemming inngår også som kriterium at helseproblemet skal vere av meir varig karakter. I intervjuinstrukturen er det konkretisert til minst 6 månader. I AKU deltek folk kvart kvartal over to år. I ein analyse av tillegga til AKU frå 2000 og 2002 er det undersøkt om personar klassifiserer seg på same måte på to tidspunkt over ein periode på fem kvartal. Særleg blant personar med rygg- eller nakkeproblem, som i utgangspunktet hadde svart at dette var av meir varig karakter, var det relativt mange (40 prosent) som hadde endra oppfatning. Det illustrerer at ein del helseplager i periodar kan vere så små at det ikkje betyr noko for funksjonsevna. I dårlege periodar kan likevel slike plager omtala som eit varig problem.

Eit spørsmål som kan reisast når det gjeld avgrensinga av funksjonshemma i desse tilleggsundersøkingane til AKU, er om ein får estimert korrekte nivåtal. Meir omfattande og detaljerte spørsmålssekvensar kunne ha gitt eit anna og meir korrekt nivå. Ved å spørje på same måten kvar gong, kan ein likevel rekne med at endringstala blir brukbare. Nå er dessutan ikkje hovudpoenget med desse undersøkingane å talfeste gruppa av funksjonshemma totalt, men å få tal for prosentdelen funksjonshemma etter grad av tilknyting til arbeidsmarknaden. Slike prosentdelar ville ikkje nødvendigvis blitt annleis om nivåtalet var meir korrekt målt, men det kan ha noko å seie når ein ser på utviklinga over tid i desse prosenttala. Derfor vil det vere fornuftig å sjå prosentdelen sysselsette i forhold til nivåtala for funksjonshemma i alt i same periode. Større endringar i nivåtal skuldast truleg at personar med lettare funksjonshemminger er ulikt klassifisert frå kvartal til kvartal, og desse har normalt ei sterkare tilknyting til arbeidsmarknaden enn andre.

## 2.2. Andre variablar

Spørsmål 3, om ein mottek "*noen form for økonomiske ytelser eller stønader som følge av funksjonshemningen*", kan vere problematisk fordi nokre stønader kan ha sitt grunnlag i fleire forhold, og det vil ofte vere usikkert i kva grad sjølve funksjonshemminga har ført til behovet for stønad. Elles må det understrekast at spørsmålet einsidig rettar seg mot *økonomiske* ytingar og ikkje ytingar i form av ulike hjelpetiltak eller bistand av ikkje-økonomisk karakter.

Spørsmål 4 og 5 prøver å kartlegge i kva grad arbeidsevna er redusert som følgje av funksjonshemminga. Det er tilføyd i spm. 4: "*Ta i betraktning eventuelle hjelpemidler du har til rådighet.*" Vurderinga av dette spørsmålet vil nok i ein del tilfelle avhenge av om ein tenkjer spesielt i forhold til den stillinga ein har, eller om ein tenkjer meir generelt i forhold til også andre typar jobbar eller yrke.

Spørsmål 13a blir stilt til IO som ikkje har hatt noko inntektsgivande arbeid: "*Mener du at du kunne ha påtatt deg et inntektsgivende arbeid hvis arbeidsituasjonen ble tilpasset din funksjonshemning?*" Eit slikt spørsmål kan nok verke svært hypotetisk for ein del av dei spurde, særleg for dei eldre, og spesielt om ein ikkje har prøvd å skaffe seg eit arbeid.

### 3. Utval og estimering

#### **Bruttoutval og fråfall**

Bruttoutvalet i den ordinære AKU er på om lag 24 000 personar per kvartal. Målgruppa for tilleggsspørsmåla blir avgrensa til personar i alderen 15-66 år, som deltek i undersøkinga for 2. – 7. gong, altså eksklusive aldersgruppa 67-74 år og dei som er med i AKU for første eller siste gong (den vanlege prosedyren er slik at ein blir intervjuat 8 gonger i 8 påfølgande kvartal). Tilleggsspørsmåla skal berre stillast ved *direkte* intervju, dvs. når intervjuobjektet (IO) sjølv blir intervjuat, og ikkje når andre familiemedlem svarer på vegner av IO. Dette gjeld 85 prosent av intervjuata. Denne avgrensinga blir gjort ettersom formalet med undersøkinga er å få kartlagt korleis folk sjølv oppfattar sin situasjon.

I den ordinære AKU, som altså kjem forut for tilleggsspørsmåla, var det i 4. kvartal 2009 eit fråfall på 13,4 prosent (ned med 3,3 prosentpoeng frå 2. kvartal 2008), og desse kom derfor ikkje til det innleiande spørsmålet om ein har ei funksjonshemming eller ikkje. 12 073 personar blei stilt dette spørsmålet, og av desse svarte 12 034. Tilleggsspørsmåla var, i motsetning til AKU elles, *frivillig* å svare på, bortsett frå det innleiande hovudspørsmålet (for å unngå ein systematisk skeivskap i utvalet ved at mange utan funksjonshemmning ville seie nei til å delta, ut frå tanken om at ei slik undersøking ikkje ville gjelde deira situasjon). Av dei som svarte ja på det første tilleggsspørsmålet (1 945 personar), og som dermed skulle få ein del oppfølgjande spørsmål, var det 87,8 prosent som blei med vidare på frivillig basis, dvs. 2,6 prosentpoeng færre enn i 2. kvartal 2008. Nettoutvalet for dei resterande spørsmåla blei dermed på 1 707 personar.

#### **Estimering**

At tilleggsspørsmåla ikkje blir stilt til heile AKU-utvalet, er det tatt omsyn til i estimeringa, dvs. ved utrekninga av oppblåsingfaktorane.

Samanlikna med publiseringa i 2007 blei det frå og med 2008 gjort ein del endringar i berekningsopplegget, med nye tal også for tidlegare år. Det nye opplegget gir høgare tal for personar med funksjonshemmning i alt, og prosentdelen aukar frå 15 til 17 prosent i aldersgruppa 15-66 år. Også talet på sysselsette og arbeidsledige med funksjonshemmning aukar, men ikkje sysselsettings- og arbeidsløyseprosenten, som er dei viktigaste tala frå undersøkinga.

Den eine endringa i berekningsopplegget var ei tilpassing til endringar som blei innført i AKU generelt frå 2006. Nedre aldersgrense for å vere med i undersøkinga er sett ned frå 16 til 15 år, og alder blir no rekna på intervjustidspunktet og ikkje lenger ved utgangen av året som tidlegare. Det gir i seg sjølv litt andre nivåtal, og utslaga av dette blei presenterte i publiseringa av tilleggsundersøkinga for 2007 på SSBs internetsider <http://www.ssb.no/akutu/>

Utover dette blei det også gjort nokre endringar i sjølve estimeringsmetoden. Det var hovedgrunnen til at talet på personar med funksjonshemmning blei klart høgare enn tidlegare publisert. Spørsmålet i undersøkinga der ein klassifiserer seg som funksjonshemma eller ikkje, blir stilt berre til personar som det er eit direkte intervju med (altså ikkje via andre familiemedlemmer). Dette kan gi ei skeiv saman-setjing av utvalet som den nye estimeringsmetoden rettar betre opp enn den gamle.

#### **Kopling til registerdata**

For dei som har svart på desse tilleggsspørsmåla i AKU er det blitt påkopla opplysningar frå NAV sitt register over bedrifter med IA-avtale (eit av tiltaka knytta til intensjonsavtalen mellom styremaktene og partane i arbeidslivet om eit meir inkluderande arbeidsliv). Kopling til registerdata i staden for å spørje er interessant av fleire grunnar. For det første gjer det spørjeskjemaet kortare og reduserer dermed intervjustida. For det andre blir datakvaliteten betre ved slik

kopling enn ved å spørje intervjuobjekta. Frivillig deltaking i intervjuundersøkingar medfører at koplingar til register krev samtykke frå det einskilde IO. Informasjon til IO om slik registerkopling kan ha bidratt til auka fråfall på tilleggsspørsmåla, men gevinsten ved å kople til register oppveg dei ulemper det måtte medføre.

For undersøkinga i 4. kvartal 2009 er det gjort koplingar av AKU-utvalet mot NAV sitt register over bedrifter med IA-avtale på to ulike referansetidspunkt. Formålet med koplingane er å få samanliknbare data over tid for tilsette i bedrifter med om lag same IA-historikk. Det kan vere nokre mindre avvik i dei absolutte tala frå tabell til tabell for denne variabelen, avhengig av kva for andre variablar som også inngår i fordelinga. I kapittel 6 tek vi for oss resultata frå desse koplingane.

## 4. Feilkjelder og usikkerheit

### 4.1. Usikkerheit

Det heftar ei viss statistisk usikkerheit ved tal frå utvalsundersøkingar som AKU. Ved samanlikning av ulike grupper bør ein derfor skjele til den absolute storleiken på gruppene og tolke tala i lys av dei usikkerheitsmarginane som gjeld generelt for ei utvalsundersøking. Følgjande oversikt antydar storleiken av standardavviket for ulike estimerte verdiar av kvartalstal og årsgjennomsnitt med utgangspunkt i nettoutvalet for den aktuelle undersøkinga:

	Storleiken på standardavviket (s)	
	Kvartalstal	
	Absolutte tal	I prosent av estimert verdi
5 000 .....	1 100	22,0
7 000 .....	1 200	17,1
10 000 .....	1 500	15,0
20 000 .....	2 200	11,0
30 000 .....	2 600	8,7
40 000 .....	3 000	7,5
50 000 .....	3 500	7,0
60 000 .....	3 700	6,2
70 000 .....	4 000	5,7
100 000 .....	4 900	4,9
200 000 .....	6 700	3,4
300 000 .....	8 100	2,7
400 000 .....	9 200	2,3
500 000 .....	10 000	2,0
1 000 000 .....	12 700	1,3
1 700 000 .....	13 400	0,8
2 000 000 .....	12 700	0,6

Følgjande eksempel illustrerer bruken av tabellen:

I tabell A1 ser ein at talet på sysselsette med funksjonshemmning var 229 000 i 2009. Verdien av s blir ca. 7 200 i dette tilfellet, slik at eit 95-prosents konfidensintervall vil strekkje seg frå om lag 215 000 til 243 000 (dvs pluss/minus 2s).

### 4.2. Skeivt utval?

Som nemnt i kapittel 3 blei tilleggsspørsmåla stilt berre ved *direkte* intervju, dvs. når intervjuobjektet (IO) sjølv blei intervjuat, og ikkje når andre familiemedlemmer svarte på vegner av IO. Data frå AKU tyder likevel på at funksjonshemma i berre liten grad er underrepresenterte blant dei som blir intervjuat direkte, slik at det ikkje kan seiast å ha oppstått ei nemneverdig skeiv samansetjing av utvalet som følge av dette. Den informasjonen som her er utnytta, dreier seg om variabelen "hovudsakleg aktivitet", dvs. kva ein hovudsakleg betraktar seg som, der "arbeidsufør" er ein av svarkategoriene. Dei endringane som blei gjennomførte i estimeringsopplegget frå og med 2008, med verknad også bakover i tid, vil dessutan i større grad enn det gamle opplegget kompensere for eventuelle problem av denne typen.

## 5. Hovudresultat

### Omfangen av funksjonshemmingar i befolkninga

16,1 prosent av befolkninga i alderen 15-66 år oppgav å ha ei funksjonshemming i 4. kvartal 2009, definert som "fysiske eller psykiske helseproblem av meir varig karakter som kan medføre hindringar i det daglege liv". Dette resultatet baserer seg på kva folk sjølv oppfattar som ei funksjonshemming. For å forenkle begrepsbruken i rapporten blir denne gruppa kalla "funksjonshemma" i staden for "personar med nedsett funksjonsevne", som er den offisielle nemninga. Totalt sett inneber dette at 532 000 personar i den aktuelle aldersgruppa meiner dei har ei funksjonshemming (tabell A1). Dette er eit noko lågare nivå enn i fjar, og dette kan også ha innverknad på resultata når det gjeld tilknytinga til arbeidsmarknaden. Dei med minst alvorlege helseplager skiftar ofte oppfatning om sin status som funksjonshemma frå den eine undersøkinga til den andre, og nettopp desse er i større grad enn dei andre sysselsette.

Av kvinnene var det 17,5 prosent som hadde ei funksjonshemming, mot 14,8 prosent av mennene. Ikkje overraskande aukar prosentdelen som er funksjonshemma med alderen. Blant ungdom i alderen 15-24 år var den på 7 prosent i 4. kvartal 2009, mens den kom opp i 33 prosent i aldersgruppa 60-66 år (tabell B1).


Åtte av ti personar med funksjonshemming oppgir at funksjonshemminga avgrensar kva slags type arbeidsoppgåver dei kan utføre, trass i eventuelle hjelpe-middel som dei rår over (tabell B3).

### Yrkesaktivitet

Av dei funksjonhemma var 43,1 prosent sysselsette i inntektgivande arbeid, mens 1,9 prosent var arbeidsledige i 4. kvartal 2009. Til saman 45 prosent av dei funksjonhemma var dermed i arbeidsstyrken, mot nær 76,8 prosent av befolkninga totalt i alderen 15-66 år (tabell A1).

Samanlikna med resultata frå 2. kvartal 2008 inneber dette at sysselsetjinga for dei funksjonhemma har gått ned med 2,2 prosentpoeng, mens den for befolkninga i alt 15-66 år gjekk ned med 2,7 prosentpoeng. Arbeidsløysa var uendra totalt sett, men gjekk ned med eitt prosentpoeng (6 000 personar) blant dei funksjonhemma.

**Figur 5.1. Sysselsette i alt 15-66 år og sysselsette personar med funksjonshemming. Prosent av alle personar i kvar gruppe**



Forskjellen i yrkesdeltaking (arbeidsstyrkeprosent) mellom funksjonshemma og befolkninga totalt er klart mindre blant dei yngste enn blant dei eldre (tabell B1). I

alderen 15-24 år er det ein forskjell på 7 prosentpoeng, mens den ligg på nær 35 prosentpoeng i aldersgruppene over, med unntak av 60-66 år, der differansen er 28 prosentpoeng.


Sysselsetjinga blant funksjonshemma menn og kvinner låg i 4. kvartal 2009 på respektive 45,8 og 40,7 prosent. I heile befolkninga 15-66 år var dei tilsvarende tala 76,6 og 72,6 prosent.

### Arbeidstid

Av dei som er i arbeid, er det betydeleg fleire på deltid blant dei funksjonshemma enn blant dei sysselsette totalt. 46 prosent av dei sysselsette med funksjonshemming arbeidde deltid, samanlikna med 26 prosent av dei sysselsette i alt. Dette resultatet er på nivå med tala for året før.

Deltid er desidert mest utbreidd blant kvinner, både blant funksjonshemma og blant sysselsette i alt. I førstnemnde gruppe hadde 64 prosent deltidsarbeid, mot 40 prosent av dei sysselsette kvinnene i alt (15-66 år). For menn var dei tilsvarende tala 27 og 13 prosent (tabell B5).

**Figur 5.2. Sysselsette på deltid blant sysselsette i alt 15-66 år og blant sysselsette med funksjonshemming, etter kjønn. 4. kvartal 2009. Prosent**



For begge kjønn er deltid mest vanleg blant dei yngste (15-24 år) og dei eldste (55-66 år), og minst vanleg i aldersgruppa 25-39 år. Dette mønsteret gjeld også for den yrkesaktive befolkninga totalt, med atterhald for menn, der deltidsarbeid stort sett er eit fenomen blant dei yngste, og til ei viss grad blant dei aller eldste (over 60).

### Hovudsakleg aktivitet

I AKU blir alle utan inntektsgivande arbeid, og dei som er sysselsette på deltid, spurde om kva dei meiner er deira hovudsaklege aktivitet. Intervjuaren les opp inntil åtte svaralternativ som kan vere aktuelle ("Betrakter du deg hovedsakelig som yrkesaktiv, student eller skoleelever, alderspensjonist, førtidspensjonist, arbeidsufør, hjemmearbeidende, arbeidsledig, vernepliktig eller annet?"). Kategorien "yrkesaktiv" omfattar både dei som er sysselsette på heiltid, og dei med deltidsjobb som oppgir yrkesaktivitet som sin hovudsaklege aktivitet. Spørsmålet er naudsynt for personar som har ein jobb, men med utdanning eller anna som hovudaktivitet. Slike kombinasjonar kjem ikkje klart nok fram gjennom variabelen "sysselsett" aleine, sidan alt inntektsgivande arbeid ned til ein time i veka gjer at ein blir klassifisert som sysselsett.

For dei funksjonshemma er den største gruppa dei som svarer "førtidspensjonist/arbeidsufør" (48 prosent, mot 11 prosent for befolkninga i alt 15-66 år). Den nest

største gruppa er dei som hovudsakleg ser på seg sjølv som "yrkesaktive" (36 prosent, mot 68 prosent av befolkninga i alt). Dei andre oppgir utdanning (6 prosent), heimearbeidande (2 prosent) eller anna (8 prosent) som sin hovudsaklege aktivitet (tabell B2).

### **Næringsfordeling**

Den fordelinga på næringsgrupper som vi finn blant funksjonshemma i arbeid er stort sett samanfallande med den som gjeld for sysselsette i alt, med nokre unntak. Det er ein viss overrepresentasjon blant funksjonshemma i helse- og sosialtenester, der 26 prosent i denne gruppa arbeider, mot knapt 21 prosent av dei sysselsette i alt. Denne tendensen ser vi også når det gjeld primærnæringane, jf. tabell A5. Desse resultata er i tråd med tidlegare undersøkingar.

### **Yrkesfordeling**

Yrkesfordelinga for funksjonshemma viser noko større avvik frå totalfordelinga enn det vi har sett for næringsgrupper. Funksjonshemma er f. eks. underrepresenterte i leiaryrke (4 prosent, mot 6 prosent av dei sysselsette i alt). Også i akademiske yrke er det ein viss underrepresentasjon (8 mot 14 prosent), og det same i høgskoleyrke (18 mot 26 prosent), jf. tabell A6. Det må her påpeikast at funksjonshemma generelt har ein lågare prosentdel med høgare utdanning enn befolkninga totalt. Berre 21 prosent av dei sysselsette med funksjonshemming har universitets- eller høgskoleutdanning, samanlikna med 36 prosent av dei sysselsette i alt (tabell B8).

Ei av yrkesgruppene der funksjonshemma viser ein tendens til overrepresentasjon, er sals- og serviceyrke, og då spesielt i undergruppa "personleg tenesteyting", som blant anna rommer pleie- og omsorgsarbeidarar. Sysselsette funksjonshemma hadde her ein prosentdel på 22, mot 15 prosent blant sysselsette i alt. Desse resultata er i tråd med tidlegare undersøkingar.

Dette heng saman med utdanningsnivået, sidan personar med utdanning på grunnskole- eller ungdomsskolenivå utgjer 79 prosent av dei sysselsette med funksjonshemming, mot 64 prosent av dei sysselsette i alt (tabell B8).

### **Utdanningsnivå**

Som for befolkninga generelt aukar yrkesaktiviteten med stigande utdanningsnivå også blant dei med funksjonshemmingar (tabell B8). Mens 47 prosent av dei funksjonshemma med utdanning på ungdomsskolenivå er i arbeid, gjeld det 67 prosent av dei med meir enn fire års høgskole- og universitetsutdanning.

Det er brot i tidsserien i forhold til tal for åra før 2008, då dei norske definisjonane av utdanningsnivå blei reviderte frå 2008 for å komme i samsvar med dei noverande internasjonale retningslinene. Med den nye standarden har ein betydeleg mindre del av befolkninga utdanning på vidaregående nivå, og ein tilsvarande større del på ungdomsskolenivå.

### **Tilsettingsform (fast/mellombels)**

8 prosent av dei tilsette med funksjonshemming var mellombels tilsett i 4. kvartal 2009, om lag som for dei tilsette i alt (tabell A8).

### **Mottak av stønader**

65 prosent av alle personar med funksjonshemming mottok ein eller flere stønader som følgje av funksjonshemminga i 4. kvartal 2009 (tabell B10). Av dei sysselsette med funksjonshemming var 40 prosent stønadsmottakarar. Av desse igjen mottok halvparten uførepensjon, samanlikna med 69 prosent av dei funksjonshemma stønadsmottakarane i alt.

Fleire kvinner enn menn mottok stønad. Av dei funksjonshemma i alt gjaldt det 71 prosent av kvinnene og 58 prosent av mennene. Av dei sysselsette funksjonshemma var tala respektive 47 og 33 prosent.

Sett i forhold til 2. kvartal 2008 har det ikkje vore nokon større endringar i desse tala.

### **Ønske om arbeid blant ikkje-sysselsette**

23 prosent av dei 303 000 ikkje-sysselsette med funksjonshemmning ønskte eit inntektsgivande arbeid i 4. kvartal 2009 (tabell B16). Av desse var det 10 000 som oppfylte vilkåra for å bli rekna som arbeidsledige. Samanlikna med undersøkinga i 2. kvartal 2008 har talet på dei som ønskjer arbeid gått ned, men er på nivå med resultata frå 2007 og tidlegare år.

### **Funksjonshemma klassifiserte som arbeidsledige**

Dei 10 000 arbeidsledige utgjorde 14 prosent av dei ledige totalt, mot 22 prosent i 2. kvartal 2008 og 19 prosent i 2007. I prosent av personar med funksjonshemmning i alt var arbeidsløysa for denne gruppa på 1,9 prosent i 4. kvartal 2009, mot 2,2 prosent i befolkninga totalt. Samanlikna med fjoråret har den totale arbeidsløysa halde seg uendra, mens den har gått ned medeitt prosentpoeng blant dei funksjonshemma (tabell A1).

### **Type helseproblem**

Rygg- eller nakkeproblem er det helseproblemet som rammar flest (32 prosent av dei med funksjonshemmning). Også problem med bein/føter og hender/armar er ganske utbreidd, med respektive 22 og 19 prosent. 11 prosent av dei funksjonshemma oppgir psykiske problem, 8 prosent hjarte- og karsjukdomar og like mange oppgir lunge- og pusteproblem (tabell A2). Ein må vere merksam på at kvar person kan ha oppgitt meir enn eitt helseproblem.

### **Redusert arbeidsevne**

Av dei funksjonshemma i arbeid oppgav 67 prosent at funksjonshemmingsa avgrensar kva slags type arbeidsoppgåver dei kan utføre, gitt eventuelle hjelpe-middel som dei rår over (tabell A9). 56 prosent oppgav at funksjonshemmingsa avgrensar kor mykje dei kan arbeide, dvs. arbeidstida per dag eller veke (tabell A10). Det har ikkje vore endringar av betydning i desse tala sidan desse undersøkingane starta.

Det er ei viss overvekt av kvinner blant dei som oppgir at funksjonshemmingsa avgrensar kva type arbeid dei kan utføre (71 prosent, mot 62 prosent av mennene). Endå større kjønnsforskjell er det i prosentdelen som meiner at det avgrensar kor mykje dei kan arbeide (67 prosent for kvinner, mot 45 prosent for menn). Dette avspeglar seg i prosentdelen deltidarbeidende, sjå avsnittet om arbeidstid ovanfor.

### **Når funksjonshemmingsa oppstod**


Av dei tilsette med funksjonshemmning blei 41 prosent funksjonshemma først *etter* at dei hadde byrja i nåverande jobb. Dette er på same nivå som i dei fleste tidlegare undersøkingane (tabell A11). Fleire kvinner enn menn oppgir dette (45 mot 36 prosent).

### **Tilrettelegging av arbeidet**

Tilsette med funksjonshemmning blei spurde om arbeidssituasjonen var blitt tilpassa funksjonshemmingsa på nokre spesifiserte område. Det framkom at 54 prosent hadde fått arbeidssituasjonen tilpassa funksjonshemmingsa i form av endringar i arbeidsoppgåvene, i arbeidstida eller fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen. Sett i forhold til 2. kvartal 2002, då dette spørsmålet var med for første gong, er dette ein auke på 11 prosentpoeng, noko som truleg har samanheng med IA-avtalen (tabell A12). Samanlikna med 2. kvartal 2008 er det inga endring.

Av dei som *ikkje* har fått arbeidssituasjonen tilpassa funksjonshemminga, seier 22 prosent at det er *behov* for slik tilpassing. Av dei som alt har fått noka til rettelegging, har 25 prosent behov for *endå meir*. Dette er på nivå med tala for 2002 (tabell A13 og A14), når ein tek omsyn til feilmarginen i desse undersøkingane.

**Figur 5.3. Tilsette 15-66 år med funksjonshemmning som har fått tilpassingar i arbeidssituasjonen, etter kjønn. Prosent**



## 6. Kopling til register over bedrifter med IA-avtale

### 6.1. Datagrunnlaget

For dei som har svart på tilleggsspørsmåla i AKU om funksjonshemming er det blitt påkopla opplysningar frå NAV sitt register over bedrifter med IA-avtale (intensjonsavtalen mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet om eit meir inkluderande arbeidsliv). SSB mottek regelmessig ei oppdatert datafil frå NAV med opplysningar om bedriftene sin IA-status. Denne fila blir kopla til eit uttak frå arbeidstakarregisteret med organisasjonsnummeret til bedriften som koplingsnøkkelen, slik at opplysningar om arbeidstakarane si tilknyting til IA-bedrifter kjem fram. For 4. kvartal 2009 tok vi utgangspunkt i IA-status i 2007. Denne arbeidstakarfila med tilleggsopplysninger om IA-status til bedriftene blei deretter kopla til AKU-filen (ved bruk av fødselsnummer) for 4. kvartal 2009 med opplysningar frå tilleggsundersøkinga. Det er også utført ei slik kopling med utgangspunkt i IA-status i 2005 (basert på det same filgrunnlaget). På den måten kan ein sjå utviklinga i bedrifter som alle har hatt IA-avtale over eit lengre tidsrom.

### 6.2. Metodiske kommentarar til talgrunnlaget

Ein må ta omsyn til at tilsette omfatta av IA-avtale er overrepresenterte i næringsgrupper tilknytta offentleg verksemd (jf. kap. 6.3). Mens 92 prosent av alle tilsette i offentleg verksemd er omfatta av ein IA-avtale, gjeld det berre 33 prosent av dei tilsette i privat verksemd. Dette gjenspeiler seg i næringsfordelinga, med overvekt av IA-tilsette i offentleg administrasjon og i helse- og sosialtenester, og tilsvarande låge prosentdelar i f.eks. varehandel, overnattings- og serveringsverksemd. Ei slik skeiv fordeling på næringsgrupper kan påverke forskjellar i tala mellom bedrifter med og utan IA-avtale, som f.eks. prosentdelen funksjonshemma.

Det er dessutan ei nokså ulik aldersfordeling mellom tilsette med og utan IA-avtale. Av dei tilsette i IA-bedriftene i 4. kvartal 2009 var 58 prosent over 40 år, mens tilsvarande prosentdel i bedrifter utan IA-avtale var på 45 prosent (basert på IA-status i 2007). Det vil av den grunn kunne vere fleire funksjonshemma i førstnemnde gruppe sidan prosentdelen funksjonshemma aukar med alderen.

Desse fordelingane på nærings- og aldersgrupper står til ei viss grad i relasjon til kvarandre, ettersom næringsgrupper som varehandel, overnattings- og serveringsverksemd har ein prosentdel tilsette 40 år og over på respektive 39 og 28 prosent, mens grupper som offentleg administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester samla har 59 prosent.

### 6.3. Resultat for bedrifter med og utan IA-avtale

Med utgangspunkt i IA-status i 2007 arbeidde 54,7 prosent av dei tilsette i AKU-utvalet i 4. kvartal 2009 i ei bedrift med IA-avtale. Fleire kvinner enn menn er tilsett i bedrifter med IA-avtale, nærmere bestemt 63 prosent av kvinnene og 47 prosent av mennene. Offentleg verksemd hadde desidert størst prosentdel omfatta av IA-avtale med 92 prosent, mot 33 prosent blant tilsette i privat verksemd i 4. kvartal 2009.

Av tilsette med funksjonshemming var 55 prosent tilsett i ei IA-bedrift i 4. kvartal 2009 (68 prosent av kvinnene og 44 prosent av mennene). I offentleg/privat verksemd er prosentdelen med funksjonshemming tilknytta IA-bedrifter på respektive 92 og 30 prosent. Dei funksjonshemma utgjorde i 4. kvartal 2009 9,2 prosent av dei tilsette i alt, og det var her ingen forskjell på bedrifter med og utan IA-avtale (tabell C2a).

### Særtrekk ved tilsette i IA-bedrifter

Vi skal i dette avsnittet gå litt nærmere inn på nokre særtrekk ved IA-bedriftene og dei tilsette der som kan påverke forskjellar mellom IA- og ikkje-IA bedrifter, slik det blei antyda i kapittel 6.2.

**Alder** IA-avtalen omfattar som nemnt fleire eldre arbeidstakrar enn yngre. 58 prosent av dei tilsette i bedrifter med IA-avtale er 40 år og over, mens den tilsvarende prosentdelen i bedrifter utan IA-avtale er på 45 prosent.

Av arbeidstakrar i alderen 25-39 år er knapt halvparten omfatta av ein IA-avtale, mot over 60 prosent i alderen 55-66 (tabell C1a).

**Næringsgrupper** Tilsette i bedrifter med IA-avtale er særleg konsentrert i helse- og sosialtenester, undervisning og offentleg administrasjon. Til saman 59 prosent av arbeidstakarane i bedrifter med IA-avtale arbeider i desse næringane, samanlikna med berre 11 prosent av dei utan IA-avtale. Ser vi på typisk private næringar som byggje- og anleggsvirksemad, varehandel, overnattings- og serveringsverksemad, teknisk og forretningsmessig tenesteyting, blir denne fordelinga nærmast spegelmendt med 15 prosent av tilsette i bedrifter *med* IA-avtale og 57 prosent av dei *utan* avtale (tabell C3a).

**Yrkesgrupper** Akademiske yrke har ein særleg høg prosentdel av dei tilsette med IA-avtale; 17 prosent, mot 10 prosent av dei utan avtale (tabell C5a). Også for høgskoleyrke har dei med IA-avtale ein høgare prosentdel enn dei utan (31 mot 20 prosent). I handverksyrke er derimot prosentdelen for tilsette *utan* IA-avtale høgare (14 mot 6 prosent). For salsyrke er desse forskjellane endå større (17 mot 3 prosent).

### Tilsette med nedsett funksjonsevne etter alder

Dei funksjonshemma utgjorde i 4. kvartal 2009 9,2 prosent av dei tilsette i alt i såvel IA-bedrifter som i bedrifter utan IA-avtale. Ser vi på prosentdelen tilsette med funksjonshemming i dei ulike aldersgruppene, er det ingen signifikante forskjellar å spore mellom bedriftene med eller utan IA-avtale (tabell C4a).

### Avgrensingar i arbeidsoppgåver og arbeidstid

Prosentdelen av dei tilsette med funksjonshemming som oppgir at funksjonshemmings avgrensar kva type arbeidsoppgåver dei kan utføre, var på 66 prosent i 4. kvartal 2009 (tabell C7a, justert for uoppgett). Dette er på same nivå som året før, men ein nedgang frå 70 prosent i 2006. Både nivåtala og endringstala var om lag dei same for såvel tilsette i IA-bedrifter som for tilsette i bedrifter utan IA-avtale.

Når det gjeld spørsmålet om funksjonshemmings avgrensar kor mykje ein kan arbeide, altså arbeidstida, har prosentdelen som svarer "ja" på dette vore stabil på om lag 55 prosent frå 2006 til 2009, utan nokon signifikant forskjell mellom tilsette med og utan IA-avtale (tabell C8a, justert for uoppgett).

### Tilpassingar i arbeidssituasjonen

I 4. kvartal 2009 oppgav 54 prosent av dei tilsette med funksjonshemming at dei hadde fått arbeidssituasjonen tilpassa funksjonshemmings (justert for uoppgett). Dette gjaldt 61 prosent av dei som var blitt tilsett før funksjonshemmings oppstod, og 49 prosent av dei som hadde ei funksjonshemming alt før dei byrja i dette arbeidsforholdet (tabell C9a). Forskjellane mellom tilsette i bedrifter med og utan IA-avtale ligg her innanfor feilmarginen. Det same gjeld for endringstal mellom 2006 og 2009.

Ein del av dei som har fått tilpassingar i arbeidssituasjonen, kan ha ønske om endå meir tilrettelegging i forhold til jobb. Det gjaldt 25 prosent av denne gruppa i 2009, og heller ikkje her var det nokon signifikant forskjell mellom IA-bedrifter og

bedrifter utan IA-avtale. Det var også på om lag same nivå som i 2006, når ein tar omsyn til feilmarginen (tabell C10a).

